

# Vi trenger ditt tips!

## "Eit bilde - di fortelling"

### Behov

I fagområdet logopedi med tale, språk og kommunikasjon, treng vi som logopedar mykje og godt verktoy og arbeidsmateriale. Arbeidsmateriale vårt skal vere slik at vi opnar for kommunikasjon tilpassa den kommunikasjonsforma den einkilde rår over. Målet er å formidla ein bodskap, dermed blir arbeidet vårt sterkt knytt opp til å engasjere til samtale der innhaldet er det viktigaste, og ikkje form.

Mange menneske vi møter i arbeidskvardagen vår har mykje fokus på kommunikasjonsform. Tap av evne til å formidla tankar, idear og meiningar gjev mange såre tankar og frustrasjonar. For mange blir den beste løysinga å vegre seg for kommunikasjon, og for nokre; tie stille.

Vi er to logopedar som har samarbeidd om kommunikasjonsmateriale "Eit bilde - di fortelling". Målet er å få eit verktoy som kan få fram minner, fortellingar og den lette, flytande samtalen. Vi ønskjer at materialet engasjerer så sterkt at ein vel å snakke framfor å la seg hindre av vanskane. Vi ønskjer at bilda og tema skal setje i gong ein prosess for språktrening.

Målgruppa er menneske med kommunikasjonsvanskar med hovudvekt på afasi, og for logopediske pasienter i gruppetrening med ulike diagnoser. Generelt er materialet godt som utgangspunkt der det er vanskeleg å halde i gong "praten" under trening.

### Materialet

"Eit bilde - di fortelling" er samansett av 12 tema. Tema som er tekne opp er: liv og lære, mat og måltid, arbeid, natur, fred og frihet, kjærleik, roller og samhald, skule og utdanning, haustetid, ettertanke,



vennskap, høgtid og merkedagar. Kvart tema er illustrert med eit bilde og eit sett med arbeidsoppgaver som delt inn i nøkkelord, temaspørsmål og aktivitetar. Ein kan velje å bruke dei fire arbeidsformene kvar for seg, eller saman i ulike kombinasjonar.

Arbeidsmetodikken er lett å individualisere, og ein kan arbeide abstrakt eller konkret, kreativt eller strukturelt.

Materialet er dermed lett å tilpassa til ulike lærings- og arbeidspreferansar hos individuelle, grupper, samt den som presenterer oppgavene.

### Bileta

Bileta skal stimulere engasjement, følelsar og stemningar. I samarbeidet med fotograf Bodil Haga har vi fått fram motiv og inntrykk som vi blir engasjert av, og dermed trur vi at kommunikasjonen bilda bidrar til har eit her og no fokus, der vi vektlegg bodskap og den individuelle fortellinga.

### Nøkkelord

For å støtte kommunikasjonen har kvart tema ei liste av nøkkelord. Dei viser til moglege fokus på tema. Målet med nøkkelorda er å skape rom for ulike opplevingar slik at ein kan ha ulik vinkling av bileta for å få fram ulike fortellingar.

### Temaspørsmål

Spørsmåla er forslag og oppstart til samtalar og diskusjonar. Dei innledar til ulike sjangrar frå personlege minner til generelle diskusjonar. Kommunikasjonsform kan individualiserast frå peiking i album til gruppediskusjon. Vi har opplevd at for nokre så utviklar historien seg, slik at ved første presentasjon er det gjerne fokus på benevning, og litt etter litt kjem historien. Innhaldet kan varierast frå sjølvopplevde til generelle betraktningar.

### Aktivitetar

Aktivitetsoppgåvene legg vekt på eigenoppleving og eigenproduksjon med praktiske oppgåver. Det heilskaplege mennesket med kunnskap, erfaringar og sansar er prøvd ivareteken gjennom desse oppgåvene. Dersom ein føl alle oppgåvene, vil ein sitje igjen med eit produkt som viser den individuelle historien og livsopplevlsen. Prosessen er like viktig som produktet for den enkelte, og produktet kan vere til glede for mange i omgivelsane.

I arbeidet kan ein ha eit generelt fokus der ein ikkje treng å bli for privat og personleg.



**Logoped Elin Legland MNLL og Logoped Reidun Aarskog MNLL**

Starta eit nettverk i 2007. Nettverket har fokus på fagleg samarbeid med vegleing, erfaringsutveksling, vidare utvikling og fagleg oppdatering. Den kreative delen av samarbeidet har no blitt kommunikasjonsmateriale "Eit bilde - di fortelling" som vert utgitt 1.september 2009.

# Vi trenger ditt tips!

## Logopedisk verktøy

Materialet er lett å bruke. Instruksjonsheftet er kortfatta og direkte. Materialet skal kunne brukast av alle som ønskjer å starte ein samtale, og som synes det kan vere vanskeleg å snakke med eit menneske med kommunikasjonsvanskar. Familie, institusjonspersonale, frivillige organisasjonar og logopedar vil kunne gjere seg nytte av "Eit bilde – di fortelling". Instruksjonane er så enkle at ein skal kunna ta materialet rett ut av hylla og bruke det utan forkunnskapar.

I den logopediske kvardagen brukar vi materialet som eit logopedisk verktøy i høve til uformell kartlegging av kommunikasjonsstrategi



## FRED OG FRIHET

### Nøkkelord

Nasjonaldag, fest og høgtid, krig, fred, frihet, utvandring og innvandring, nasjonalfølelse, nasjonalromantikk, talefrihet, deling av goder, samfunnsplikter og samfunnssteder, samhold

### Temaspørsmål

- Kva er nasjonalfølelse?
- Har du noko forhold til utvandring?
- Kva tenkjer du om innvandring?
- Kva tankar har du om krig?
- Kva betyr fred for deg?
- Korleis påverker religion samfunnet?
- Korleis kan vi være tolerante?
- Korleis ser du fest- og høgtidsdagar i samanheng med religion?
- Kva betyr talefrihet for deg?

### Aktivitetar

List opp ei oversikt over norske fest- og høgtidsdagar. Undersøk kva som finst av lokale forteljingar om Amerikautvandring eller andre verdskrig. Lag et årshjul eller en oversikt over vestlige og/eller internasjonale fest- og høgtidsdagar.

og språkevne til pasienten. Ved å tilpasse materialet til strukturert benevning/samtale eller den frie fortellinga vil ein kunne vurdere kommunikasjonsstrategiar og kommunikasjonsevne i ulike situasjonar og ved ulike sjangar.

Vi ser ulike logopediske bruksområde for "Eit bilde – di fortelling" etterkvart som vi har brukt materialet. Vi vil oppmoda deg til å gjera "Eit bilde – di fortelling" til ditt materiale. Her kan du sjå om eit av bilda vil vere utgangspunktet for tema til fri tale når du gjer stemmevurdering, når du arbeider med motivasjon for å våge å gå inn i den vanlege samtalen, eller treng eit utgangspunkt for benevning.

## EKSEMPEL

Ei av dei som har fått prøvd materialet er ei dame som har afasi med ordleiing og lett talepraksi. Ho gitt denne tilbake-meldinga:

### Første time:

Logoped : "Fortel kva du ser på bilde" Afatiker: "Eg ser:

- ei bjørk • ei jente • fjell, - snø på toppen • sola skin
- bakkane er grøne • blomster"

(får i etterkant hjelp til å ramse opp ulike blommar, grønnsaker og frukt, og utvide tema)

### Fjerde time:

Logoped : "Fortel kva du ser på bildet" Afatiker: "Eg ser ei jente som blåser såpe-boblar. Ho har på seg 17. mai klær. Kanskje ein bunad. Jenta er blid. Ho har det kjekt. Ho gler seg til å spise is." (får litt støtte til enkelte ord undervegs).

Afatiker får assosiasjonar til bunaden sin og fortel dette: "Eg har bunad. Bestemor kom frå Hardanger, og det er er difor eg har den bunaden. Eg har sydd bunaden min sjølv. Livet er rodt. Perleduk. Det var mykje arbeid. Eg har linskjorte. Eg har kvit saum på halsen og mansjettane. Forklet er kvitt, med broderi på. Hardangersaum. Skjørtet er svart. Det er ull og det er så tungt. Beltet er perla. Soljene er i sølv." (får litt støtte til enkelte nøkkelord undervegs)

### Eigenuttale:

Etter nokre treningsøktar ba logopeden om svar på spørsmålet: "Korleis synest du det er å snakke ut frå desse temabilda?" Tilbakemeldinga frå dama med afasi var slik:

"Eg synest det er vanskelig i starten,-treng hjelp for å kome i gang. Det er god hjelp for meg å starte med å benevne enkeltord,-etterkvart blir det lettare å sei fleire ord.

Det er godt for meg å lese og skrive orda etterpå. Eg synest det er lettare å snakke ut frå bilde no enn det var i starten. Det er lettare å snakke om ulike tema og situasjonar etter kvart. Eg synest eg er blitt flinkare å snakke om ulike tema. Det kjem fleire ord, og no greier eg også å sei enkelte setningar. Det er vanskelig å laga forteljingar."